



Vang kommune

ArkivSakID: 24/923
JournalpostID: 24/10616
ArkivID: K2-A00, K3-&00
Saksbehandlar: Solveig Rønneberg

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
030/24	Hovudutval for levekår	12.11.2024

Lokale forskrifter etter ny opplæringslov - høyring

Saksopplysningar:

Ny opplæringslov trådde i kraft 01.08.2024. Lokale forskrifter som gjeld frå og med hausten 2024 bør i så stor grad som mogleg fastsettast og kunngjera etter ny lov. Dersom det er gjort endringar i innhald i forskrifta i tråd med ny opplæringslov, må heile forskrifta fastsettast og kunngjera etter ny lov.

Det er tatt ein gjennomgang av dei tema det er krav om lokale forskrifter og kunngjering, og gjort ei tilpassing til ny lov.

Det er krav om at det er moglegheit for innspel frå alle berørte før forskrift blir vedtatt. Det blir derfor fremma forslag om at hovudutval for levekår legg dei reviderte lokale forskriftene ut på høyring i ca 2 månader. I neste hovudutvalsmøte vil det bli fremma saker for å vedta forskriftene etter høyring.

Lovgrunnlaget:

Det blir fremma forslag om lokale forskrifter for tema som kommunen er pliktig å fastsette lokale forskrifter om. Utkast til forskrifter ligg ved saka.

- Forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa, Vang kommune, Innlandet, heimla i opplæringslova § 2-2
- Forskrift om skulefritidsordninga, Vang kommune, Innlandet, heimla i opplæringslova § 4-5
- Forskrift om skuleregler for Vang barne- og ungdomsskule, Vang kommune, Innlandet, heimla i opplæringslova § 10-7
- Forskrift om skule- og feriedagar 2024 - 2025, Vang kommune, Innlandet, heimla i opplæringslova § 14-1
- Forskrift om skule- og feriedagar 2025-2026, Vang kommune, Innlandet, heimla i opplæringslova § 14-1
- Forskrift om hovudmål ved grunnskulen , Vang kommune, Innlandet, heimla i opplæringslova § 15-2

Vurdering:

Dei framlagte lokale forskriftene bygger i det vesentlege på tidlegare vedtekter eller retningsliner og inneber lite reelle endringar. Det er gjort tilpassingar i tråd med ny opplæringslov med omsyn til å vise til aktuelle heimler og ev. nye reglar.

“Forskrift om skulefritidsordninga, Vang kommune, Innlandet” er gjort noko meir generell enn tidlegare for å kunne ha varighet ut over eit budsjettår med endringar i betalingssatsar og moderasjonsordningar.

Framlegg til vedtak:

Følgande lokale forskrifter, som er lagt ved saka, blir lagt ut på offentleg ettersyn og høyring med høyringsfrist 7. januar 2025:

- “Forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa, Vang kommune, Innlandet”, heimla i opplæringslova § 2-2
- “Forskrift om skulefritidsordninga, Vang kommune, Innlandet”, heimla i opplæringslova § 4-5
- “Forskrift om skuleregler for Vang barne- og ungdomsskule, Vang kommune, Innlandet”, heimla i opplæringslova § 10-7
- “Forskrift om skule- og feriedagar 2024 - 2025, Vang kommune, Innlandet”, heimla i opplæringslova § 14-1
- “Forskrift om skule- og feriedagar 2025-2026, Vang kommune, Innlandet”, heimla i opplæringslova § 14-1
- “Forskrift om hovudmål ved grunnskulen , Vang kommune, Innlandet”, heimla i opplæringslova § 15-2

Hovudutval for levekår 12.11.2024:

Behandling:

Framlegg til vedtak: Samråystes vedteke

HL- 030/24 Vedtak:

Følgande lokale forskrifter, som er lagt ved saka, blir lagt ut på offentleg ettersyn og høyring med høyringsfrist 7. januar 2025:

- “Forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa, Vang kommune, Innlandet”, heimla i opplæringslova § 2-2
- “Forskrift om skulefritidsordninga, Vang kommune, Innlandet”, heimla i opplæringslova § 4-5
- “Forskrift om skuleregler for Vang barne- og ungdomsskule, Vang kommune, Innlandet”, heimla i opplæringslova § 10-7
- “Forskrift om skule- og feriedagar 2024 - 2025, Vang kommune, Innlandet”, heimla i opplæringslova § 14-1
- “Forskrift om skule- og feriedagar 2025-2026, Vang kommune, Innlandet”, heimla i opplæringslova § 14-1
- “Forskrift om hovudmål ved grunnskulen , Vang kommune, Innlandet”, heimla i opplæringslova § 15-2